


Fataburen 1976



Fataburen

Nordiska museets och Skansens
årsbok 1976

Fataburen



1976

Nordiska museets och Skansens årsbok

Redaktör: Magne Velure i samarbete med Bengt af Klintberg
och Reimund Kvideland

Pärmens färgbild: Möksuggor utanför ett fönster, akvarell
av Verner Molin. Tapeten är från Nordiska museets samlingar.

Tryckt hos Berlingska Boktryckeriet, Lund 1976
ISBN 91 7108 122 4

Den tomme stolen og døde-måltidet

Odd Nordland

Jeanne, kona til Tschugurka, var alvorleg sjuk. På ettervinteren var ho så dårleg at ho berre kunne kome seg ut av camping-vogna på Ankertorget når ho hadde noen å stø seg til. Ho var framleis stor og før, men føtene svikta.

Slutten av eit vinteropphald er alltid påfreistande for sigøynarane. Snø og glatte vegar hindrar ferdsle og handel. Det er nå det er godt å ha gull i smykke og i brudebelte. Ein sigøynar får ikkje kjøpe hus på den frie marknaden, så det ein kan låne på, når nauda står for døra, det er gullet. I mars er oftast alt gull ein sigøynar eig, hos pantelånaren. Der ligg det i påvente av at eigarmannen eller kvinna skal handle igjen, skal tene pengar, når våren kjem.

Sjukdom er under slike tilhøve eit hardt slag: Noen må stelle den sjuke. Det går ut over hushald og handel. På ei golvflate på 9 kvm. er det lite privatliv å få, og alle følgjer med i den sjuke si liding, blir oppskremde og nervøse av det.

Samstundes må alle avdrag og avbetalningar gå sin gang, på bil, på campingvogn, – og månadene går utan inntekter. Huslyden Tschugurka fekk alle desse vanskaner med ein gong, og nokre andre i tillegg. Det organiserte arbeidet for sigøynarane i Norge var nett begynt, og med lite mannskap og utan større røynsle i det samansette som sigøynarsamfunnet er, var det ikkje stort vi makta.

I juni drog Jeanne til Gøteborg. Ho hadde skyldfolk der, og dessutan ein dokter som ho gjekk hos. Ho kjende seg noe betre mot sommaren og drog vidare for å vitje ei søster i Belgia. Der døydde ho, og ho vart gravlagd i Charleroi under stor deltaking frå skyldfolk både frå Belgia, Nederland,

Frankrike og frå dei nordiske landa. Midt i sorga var Tschugurka byrg av gravferda, det var eit stort følgje. Det var mange som heldt av hans Jeanne.

Det let seg ikkje nekte for at Jeanne hadde hatt det vondt på slutten. Alle i sigøynarlægeret på Ankertorget i Oslo visste det. Dei hadde hjelpt til det dei kunne, men mot sjukdomen og døden var det lite å stille opp.

Sjukdom og død har sigøynarane stor otte for. Er noen sjuke av nær familie, er det ein av grunnane til at ein bryt opp og flyttar. Ein bør være nær den sjuke, vite om det som hender, vere til stades og gi hjelp og trøst.

Det er mange grunnar til at dette er viktigare for sigøynarane enn for oss fastbuande. Den som ikkje kan skrive, må ha samband på andre måtar, og telefon kan bli dyrt og uvisst. Det er betre å vere på plassen. Dessutan meiner eg å ha oppfatta at sigøynarane har eit vidare innhald i omgrepet „skuld”, enn vi vanleg elles har. Den som er tolk i ei rettsak og saka blir tapt, han har „skuld” og kan krevjast til ansvar av sine frendar, om han er sigøynar. Den som ikkje er til stades når frenden døyr, om det er ein nær frende, han har også „skuld”. Den som var nær i miljøet når operasjonen mislukkast, særleg om han hadde slik status at han kunne rå til eller frå, han får også „skuld”.

Vi kan diskutere om slike oppfatningar har si årsak i at vi her har å gjere med sterke band mellom frendar i ei nærgruppe, om det er uklår oppfatning av samanhengar mellom årsak og verknad, eller om det er ein argumentasjon som er sprunge ut av sorg og fortvilning i grupper som lever i eit

særleg sårbart økonomisk system. Ein kan bruke „skuld“-argumentasjonen, logisk eller ikkje, som eit middel til å skaffe seg hjelp eller føremønner.

Det er rimeleg å tru at vi har å gjere med eit slags pseudoargument som gjer det mogleg å stille krav i naud, og som gjer det mogleg for kollektivet å syte for at hjelp blir gitt, sjølv med svært så sparsame ressursar.

Det er elles berre ut frå den overlag sterke kjensla av samhald og solidaritet og særlege måtar å argumentere på i naud at ein kan forklåre at ein statslaus sigøyner, utan pengar, ute av stand til å røre seg, kan bli transportert opp og ned gjennom heile Europa for å finne eit sjukehus der dei vil ta imot han. Midt i katastrofen støtta sigøyner-gruppene i mange land opp om den huslyden som var ramma.

Sigøynargruppa på Ankertorget hadde utan eigenleg å kunne hjelpe stort, sett Jeanne bli sjuk. Dei hadde vel også forstått at det ikkje var så lenge att. Men natta etter at dei hadde fått melding om att Jeanne var død, såg fleire av kvinnene på Ankertorget at Jeanne kom og gjekk i sigøynarlægeret, heilt kledd i kvitt.

Det kom til så stor otte og oppskaking i campingvognene at det same natta to gonger var lækjar der for å sjå til nervøse menneske. Noen ringde også til den katolske soknepresten i St. Hallvard kyrkjelyd. Han kom ned i lægeret, bad for den avdøde og roa folk nedatt.

Eg la den gongen ikkje så stor vekt på denne hendinga. Det vart hevda i lægeret at Jeanne kom for å sjå etter dei to små puddelhundane sine som ho var så glad i. Seinare har det kome for dagen at nett denne natta, den tredje etter dødsfallet, er særleg viktig og farleg. Då kjem den døde att for å sjå etter eigedelane sine. Her er ei rekning i periodar inne i biletet, og når det er dødsfall i nordiske sigøynargrupper, har det hendt meir enn ein gong at den tredje natta er ei voke-natt der huslydane sit saman over sterk kaffi til dagen og lyset kjem. Ei farleg natt då den døde går heim.

Tschugurka hadde nok kjent at han had-

de noe nytte av det nye norske arbeidet for sigøynarane. Ut på hausten hadde han eit særleg ønske som han i all stille kom med for leiaren av sigøynararbeidet i Oslo kommune. Han ville at noen av dei *gajos*, som hadde kjent Jeanne, skulle vere gjestene hans ved eit minnemåltid for henne. Dei som vart invitert måtte svare sikkert om dei kom eller ikkje, for det skulle vere eit fast tal: enten 9 eller 11.

Dette måltidet skulle haldast på 6-månaders-dagen for Jeannes død. Det var eit høgtidsamt måltid. Saman med invitasjonen fekk vi som var gjester også ei munnleg rettleiing frå dei som ordna med den praktiske sida av arrangementet: Vi skulle mest mogleg ete opp det som var sett fram til måltidet. Det skulle ikkje takkast for maten, slik det elles er skikken i Norge. Då dette var eit minne-måltid, skulle vi ha på oss klede som høvde til høgtida.

Oppdekkinga til høgtida gjekk for seg på det indre kontoret i sosialavdelinga som har med sigøynarsakene å gjere. Det var eit veldekka bord med kylling, rødvin, frukt, brød til å bryte av, ost, kjeks, endåtil ei flaske konjakk. Verten var i mørk dress, men som så ofte elles når sigøynarar er vertskap, t.d. ved bryllaup eller truloving, så sat ikkje verten til bords med gjestene. Han sat på ein stol for seg sjølv, nokre meter frå bordet, og såg til at alt gjekk rett for seg.

Gjestene helste opp i handa då dei kom, sette seg til bords og tok for seg av rettane. Vi tala saman, og etter kvart kom også samtalen inn på henne som vi var samla for å minnast. Eg spurde enkemannen om det var skikk og bruk å seie noen ord, og det var det, sa Tschugurka. Jeanne hadde eg kjent personleg, og eg gav i få ord eit bilete av henne slik vi hadde kjent henne, som kone, mor og ven. Det var tydeleg at Tschugurka sette pris på å høyre denne omtalen av den fråverande.

Medan eg freista sette saman eit lite bilete av Jeanne, gjekk det plutsleg opp for meg kvifor vi skulle vere 9 eller 11 gjester. Det var ikkje markert noen tom plass for Jeanne, men det var tydeleg det som var



1. Med sitt omflakkande tilvære representerte sigøynarane ei kulturform som var ulik den vi elles finn i Norden. Difor har dei også møtt mange vanskar som minoritetsgruppe. Foto omkr. 1910 i Nordiska museet.

meninga: Det var eit dødemåltid, og den avdøde skulle vere den tiande eller tolvte til bords mellom gjestene. Vi hadde å gjere med ei slik høgtid der vi elles kjenner til at den døde heidersgjesten får sin plass markert ved „den tomme stolen”. Vi kjenner dette frå klassisk hellensk skikk. I nytida er det kanhende mest kjent frå den amerikanske „War Memorial Day”, der den tomme stolen får sin plass ved sida av gravstøtta til den falne.

Vi fekk igjen oppmoding til å ta for oss av rettane, for dette var det berre vi som kunne ete av. Korleis det? var eg dristig nok til å spørje. Jau, vart det noe igjen av dette måltidet, skulle det samlast i duken og kastast i sjøen eller i rennande vatn.

Her var liksom berre å ta til side det eine førehenget etter det andre. Bakom det vi var med på, var det noe anna. Sörgemåltidet var noe meir enn eit vanleg høgtidsmål. Det var eit *sakral-måltid*. Av dette kunne vi ete, vi og den vi eigenleg var saman med, ingen andre. Det vi gjorde var *potent*, mektig, lada med noe. Vart det noe igjen, høyrde det andre til, var det andre som skulle ha. Berre vi og maktene måtte få av dette.

På ein augneblink syntest eg at vi 11 som sat der framfor den høgtidssame enkemannen ikkje lenger sat til bords, men kanhende heller ved altarringen. Vi var med i eit langt, djupare fellesskap enn det at ein sørgjande mann, ein mann frå ein minoritetskultur, gav ein tilfelleleg flokk hjelparar og medkjemparar eit måltid mat, bortgøymd på eit kontor i ein sosial etat.

Det steig opp for meg ei forteljing om ei dansk sigøynarkone av slekta Rosenhagen. Ho hadde mist mannen sin, som ho var nær knytt til. Året etter dødsfallet – ho hadde vore kledd i sorg heile det året, eitt år, 6 veker og 6 dagar – stoggar ho følgjet ho reiser med på ei bru ein stad i Jylland. Det var flaum, og elva under brua gjekk høg. Etter ei stund kjem enka ut av camping-vogna i sine vanlege klede. Sørgekleda har ho i ein bylt under armen. Ho går til rekkverket, og der flyt sørgekleda av stad med straumen. Over rennande vatn kjem maktene ikkje igjen.

Dessutan mintest eg det ein engelsk kollega, universitetslektoren, fortalde som eit barndomsminne frå den åpne sletta ein stad i Wales. Den gamle sigøynaren var død. Om ettermiddagen brann vogna hans med alt han hadde av verktøy og eigedelar. Somme sa til ungane at den døde låg i vognen også, og ingen visste noe sikkert. Det sigøynarane visste, var at ingen måtte bruke det den døde hadde hatt som sitt. Her var det ingen ting som høyrde han til lengre, ingen ting å sjå heimatt etter.

„Gjer de alltid slik, held minnemåltid”? spurde eg forsiktig over bordet. Svaret kom som om det var vel gjenomtenkt og førebudd lenge. Eg kjem aldri til å gløyme det: „Berre når ein har elska mykje!” Tschugurka er betre heime i sitt romanes og i sitt franske tungemål, men her var det tilsikta, fine valørar i dei orda han brukte. Eg hadde ikkje noe spørsmål å legge til. Biletet av angsten i Tschugurkas andlet der han leidde på den sjuke kona kom for mig, dei mange borna som følgde den sjuke mor si med otte i augene, den nærleik huslyden skapte ved å dra seg saman rundt den sjuke. William Golding har skildra den hjelpe-lause varme som stamme-mennesket skaper for den sjuke ved å nærme seg fysisk, skape varme med kroppane sine. Her var det psykisk nærleik, stumme spørsmål.

Sidan prøvde eg meg igjen: „Kva er det eigenleg du gjer, når du bed oss med på dette måltidet?” – „Ja, det kan eg ikkje seie på norsk”, sa Tschugurka. „Je veux manger ma femme dehors”. Det kan vere uvisst korleis ein skal omsetje dette, men Tschugurka kunne godkjenne både: „Eg et mi kone frå meg”, og „Eg et med kona mi utanfor.” Og, som sagt, skikken var vel kjend, men berre når dei to ektemakane hadde vore særleg knytte til kvarandre.

Etter kvart gjekk det opp for meg at vi berre var ei av dei gruppene av „nærståande” som i dette høvet var med på minnemåltid for Jeanne. Her var måltid på veke-dagen, på månadsdagen, halvårsdagen og årsdagen for dødsfallet. Til alle desse minnehøgtidene høyrde det til å be inn vener og skyldfolk, nærare eller lenger ute i ringen.



2. Ulike kulturars forhold til døden kan skape mange mistydingar. Biletet viser ein politimann som vil hindre at sonen til den avdøde sigøynaren sender ei flaske øl med den døde på dødsferda. Skikken å sende mat, drikke eller personlege egedelar med den døde, var også kjend i vår eigen kultur for ikkje så mange ti-år tilbake. Foto: Åke Borglund 1959. Fotoet vart kåra som „Årets bild” i „Pressfotografernas klubbs” årlege tevling.

At ein ring av „gajos” nå var med på denne høgtida, såg eg på som eit viktig teikn på ny kontakt mellom minoritetskulturen og storsamfunnet. Frå Tschugurka si side var det eit teikn på stor tillit. Vi mistydde han ikkje der.

Stundom spør vi oss kva som er eigenlege, opphavlege drag i kultur og truer hos ei nomadegruppe som sigøynarane. Har dei lånt så mykje frå dei folk dei reiste mellom,

at det berre er skal på skal kring lauken? Eller kan vi også her vente å finne noe som relativt sett er „det eldste”, eller sannsynlegvis mellom „det mest grunnleggjande”? Spørsmålet dukkar opp utan at vi set oss i bås med temmeleg meningslaus gransking etter „opphavet” til noe så samansett som kultur- og sosial-systemet til ei vandrande minoritetsgruppe.

I røynda er dette eit lærerikt spørsmål å

stille, ikkje minst for oss som elles har det relativt stabile Norden å granske i. Når det gjeld sigøynarane, er det vel „marimé“- „tabu“-omgrepet, alt som er bunde til sex og til fødsel og død som er på eit fundamentalt plan i kulturen dei har.

Men viktigare enn dette er vel noe som vi folkeminnegranskarar elles har lett for å oversjå: alt som har å gjere med „kollektiv“, „solidariteten“, „styringsteknikkane“, sjølvopphaldet for det som er eller signalerer at du er sigøynar og vil vere det. Di meir eg opplever sigøynarane sitt samfunn, di meir skjønar eg av den bakgrunn som fekk fransk sosialantropologi til å tale om det tidlege samfunn og naturfolks binding til kollektivet, „det pre-logiske“.

Utan eit tilhøve til sigøynar-kollektivet, er du som einskildindivud utan eksistens. Utanfor denne gruppa tel du ikkje, har du ingen fast bustad, har du lite av sjølsagde rettar. På alle måtar blir du vist innover att til dine stammefrendar. Du er ikkje til utan dei. Å vere sigøynar er støtt å vite dette, støtt å ta omsyn til dette, og å handle etter dette. Få menneske i vårt industrisamfunn er av isolasjon og trong vist så intenst til si nærgruppe som sigøynarane er det. Mangt

let seg best forklare om ein ikkje gløymer dette sosiale faktum.

Døde-måltidet. Ingen kjenner det utanom sigøynar-krinsen, ikkje på denne måten. Vi kjenner til måltid på dødsdag, vi veit om måltid på gravene, t.d. på Balkan. Men samværet med den døde på denne måten, det kjenner vi elles ikkje til. I den sterke bindinga innover i nærgruppa og mellom ektemakar ligg vilkåret for at noe så alderdomleg skulle kunne halde seg. Dette må vere eit svært opphavleg drag i kulturen til dette vandre-folket.

Mange ville ha gitt mye for å vere med på noe slikt som det som her er fortalt. Det er eit teikn på vaknande kontakt mellom det nordiske storsamfunnet og ein minoritets-kultur, når noe slikt nå blir mogleg. Ein av dei som har gjort denne kontakten mogleg er Carl-Herman Tillhagen. For mange, mange av sigøynarane i Norden er Tillhagen meir enn eit namn. Dei år han har lagt ned i Arbetsmarknadsstyrelsen og for sigøynarsaka er ofra for ei stor sosial oppgåve på fagleg grunnlag. Nå haustar vi andre fagleg frukt av sider av Tillhagens arbeid som få veit om. Dei som veit om det, takkar!

Summary

The empty chair and the meal of the dead

Following the death and burial of a married Norwegian gypsy woman who was travelling in Belgium, the inhabitants of a gypsy camp in Oslo were struck by unrest. Their fright of the spirit of the deceased was so severe that both clergy and medical assistance were called upon.

The widower approached his friends in the Norwegian gypsy administration to arrange a memorial meal for his wife on the six months' day of her death. The attendance was to be restricted to nine or eleven persons, and the food remaining from the meal was to be thrown into the sea or running water. The memorial meal was said by the widower to be held only when the married couple had "loved much",

and he termed his act "eating separation from his wife".

The author reminds of the custom of having an empty chair at memorial meals (the number nine or eleven+the deceased), known from classic Greece and from the War Memorial Day in the USA. Gypsy memorial meals are eaten with different groups of friends and family on the week-day of the death, the six months' day, anniversary, etc.

*Odd Nordland, Ph. D.
Docent of Nordic History of Religion
and Culture, University
of Oslo, Norway*